



Velkommen til oss!

Barne- og ungdomsavdelinga ved Ålesund sjukehus er glad for å kunne ønske velkommen til nytt, framtidretta bygg. Etter mange års innsats og planlegging har vi endelig samla aktivitetane våre under same tak, og kan såleis tilby pasientar og pårørande betydeleg standardheving – med ein rom for alle innlagde.

For dei om lag 100 tilsette i avdelinga er dei romslege, moderne lokala også eit vendepunkt. Dette gjeld sjølvsagt det fysiske arbeidsmiljøet, men vel så mykje reint organisatorisk.


Her ligg alt til rette for smartare arbeidsmåtar med sterk vekt på dagbehandling, poliklinikk, effektiv pasientflyt og tverrfagleg samarbeid.

Det er grunn til å takke alle som har medverka til nybygget. No er det opp til oss i Barne- og ungdomsavdelinga å byggje ny organisasjonskultur – til beste for pasientane våre!


■	Gangsoner, fellesareal
■	Overvaking • Isolat • Mottak
■	Opphaldsrom • Leikerom • Skole
■	Kontor • Møterom • Kjøkken • Bibliotek • UB-rom*
■	Lager/tekniske rom
■	Sengeområde • Mottak

* Undersøking og behandling


U. ETASJE Poliklinikk • Dagbehandling Skole • Førskole



1. ETASJE Neonatal • Administrasjon Kontor • Møterom



2. ETASJE Barn 1: Infeksjon Barn 2: Medisin • Kirurgi • ØNH Ortopedisk avd.



1) **SKJERMA:** Poliklinikken for barnekreft ligg skjerna i underetasjen.

2) **REHABILITERING:** I underetasjen finst spesialrom for rehabilitering, især for trafikkskadde barn.

3) **SKOLE:** Sjukehusinnlagde barn skal også ha det undervisningstilbodet dei har krav på. Skole og førskole ligg i underetasjen.


4) **SIMULERING:** Nybygget er spekka med høgteknologi. I dette rommet vert personalet lært opp ved hjelp av avansert videosimulering.

5) **SMITTE:** I sengeområdet i 2. etasje kan vi på moderne vis skilje pasientar med infeksjonar frå dei som ikkje er smitta. Denne delinga gir enda betre og sikrere medisinsk service og behandling. Det er tre fullverdige isolat med trykkisolering.

6) **OPTIMALT:** I 1. etasje er det lagt optimalt til rette for kuvøsebarna. Truleg har vi fått den beste neonatalavdelinga i landet, med ekstra gode opphaldsrom for pårørende.

7) **EINEROM:** Dei romslege eineromma med bad gjer oss endeleg i stand til fylgje forskrifta «Barn på sykehus» fullt ut. Her heiter det at alle innlagde barn har krav på å ha med seg ein eller to pårørende under opphaldet. Vi har alltid gjort det vi kunne for å finne praktiske løysingar på dette, men lett var det ikkje i dei gamle og tronge lokala.

8) **FLEKSIBEL:** Barne- og ungdomsavdelinga har pasientar mellom 0 og 18 år. Avdelinga får fleksible opningstider, ikkje minst i samband med dagbehandling.



Vegg frå hav til himmel

«Natur, fargar og eit leikent uttrykk har vore vesentlig for meg i arbeidet med å smykke ut den store veggflata i Barne- og ungdomsavdelinga.

Veggarbeidet strekk seg over tre etasjar – frå hav til himmel – og kan sjåast både ovanfrå og nedanfrå. Då eg tok fatt på havbotnen, dukka barnetimestemma til Ingebrigt Davik opp i hovudet mitt. Det gjorde meg fyrst irritert, men etter kvart forsto eg at saga om Taremareby var ein særst fin assosiasjon.»

Britt Juul, veggkunstnar



Golv med endelause figurar

«Golvutsmykkinga mi har geometri som utgangspunkt, og eg vonar arbeidet stimulerar til aktiv lek, utforsking og undring.

I **2. etasje** nyttar eg sekskanten som er danna av seks trekantar med like sider. Dette mønsteret er eldgamalt og vil i ulike fargekombinasjonar forme eit utal av stjerner og boksar som «poppar» opp av golvet.

I **1. etasje**, for dei nyfødde og skjøre, er det ro og harmoni som pregar utsmykkinga. Her har eg nytta sirkelen, den sterkaste av alle geometriske figurar. I naturen er sirkelen både sol og måne, og dessutan eit religionsnøytralt symbol for det endelause.

I **underetasjen** har vatn og luft vore kjelde til inspirasjon. Utsmykkinga er tenkt som ei ustyrlig line som slyngar seg gjennom etasjen. Brått forsvinn lina, for så å dukke opp att ein annan stad med nye krusedullar, fargar og innfall.»

Torhild Berg, golvkunstnar



2. etasje



1. etasje



Underetasje



Barne- og ungdomsavdelinga

Byggherre
Prosjektleiing
Finansiering
Arkitekt
Entreprenør — bygg
Entreprenør — elektro
Entreprenør — rør
Entreprenør — ventilasjon

Helse Sunnmøre
Helsebygg Midt-Norge
Helse Midt-Norge
C.F. Møller Norge
HENT
Bravida
ORAS
ETØ

Byggestart
Byggeslutt

September 2009
Mars 2011

HELSE  MØRE OG ROMSDAL
– på lag med deg for helsa di